# Os kyrkjeblad

DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd | Nr. 2 | 2023 | 78. årgang



| KYRKJEVAL-SPESIAL | HAUSTKALENDER | UGLEKIKKING PÅ NORE NESET |

# Di kyrkje, ditt val!

I år veljer vi inn nye representantar til kommunestyrer og fylkesting. Og parallelt foregår eit anna val; Kyrkjevalet. For meg er det ikkje heilt utan meining at vi røyster i desse vala samtidig. Begge to er ein dugnad for å bygge ein god kvardag i lokalsamfunnet, der frivillige stiller til val fordi dei vil gjere ein forskjel for noko dei brenn for. Kyrkja er ein hjørnestein i samfunnet. For somme er ho ein kvilestein der ein kan finne ro. For somme er ho grunnsteinen som alt anna byggjer på. Uansett korleis det opplevast for deg, har du høve til å påverke. Det er di kyrkje. Grip sjansen til å gjera ditt val!

Venneveko er eit døme på at kyrkja sine initiativ kan gjera ein forskjel. På Oseana 30. september feirer vi 5 år med Venneveko med ein stor “Internasjonal fest”. Håper du blir med!

Vi går hausten i møte med nokre stillingar ledige i staben, og er difor desto meir takksame for alle frivillige som legg ned timevis med arbeid for å bidra til aktivitetane våre. I haustkalenderen på midtsidene får du eit overblikk. Her er det mange velkjente tilbod for barnefamiliar, ungdom og vaksne. Kanskje du finn eit nytt fellesskap du vil delta i, eller har nokon du vil tipse? Det er plass til deg i kyrkja!

God lesnad - og godt val!



**Sigurd Rotvik Tunestveit**
Dagleg leiar, Os sokn

DEN NORSKE KYRKJA
Os kyrkjelyd

| Os kyrkjeblad

Os kyrkjeblad kjem ut tre gonger i året, og vert sendt som informasjon til alle heimar i Os.

**Utgjevar**
Os sokneråd
Postboks 209, 5202 Os

**Soknerådsleiar**
Bente Brøvig Strømme
bentebstromme@gmail.com

**Redaksjonsleiar**
Sigurd Rotvik Tunestveit
st575@kyrkja.no

**Nettside**
www.kyrkja.no/os

**Opningstid kontor**
Øyro 49, 5200 Os
Måndag-tysdag og torsdag-fredag 10-14, onsdag stengd

**Kontakt**
Tlf.: 56 57 24 00 | E-post: post.os@kyrkja.no

## **Går du gjennom vann, er jeg med deg...** Jesaja 43,2






**Elisabeth Saxe Vinkler**
Trusopplærar og frivilligkoordinator
Instagram: @elisabethsaxevinkler

Gjennom vann.

Skuffet og sinte.
Stod de der. Israelsfolket.
Med Rødehavet foran seg.
Egypterhæren bak.
Fanget. Fastlåst. Frustrert.
Full av frykt.
Det fantes ingen løsning.
Ingen vei.

Så skjedde det.
Plutselig kunne de vandre videre.
Gjennom vannet.
Til den andre siden.

En usannsynlig vei. En umulig vei.
Som likevel ble mulig.
I Skaperens hender.
Men.

IKKE ALLTID åpnes et helt hav om gangen.

Ikke alltid er det mulig å se
helt til den andre siden.

Ikke alltid bærer føttene videre heller.
Noen ganger trenger de først å HVILE.

Å hvile på vandringen
gjennom havet.
Midt i havet. I stormen. I mørket.
I skuffelsen.
Over at veien videre
ikke enda er synlig.

Å hvile mellom hendene til Han
som ALLTID kommer til å skape en vei.
Litt etter litt.
Steg for steg.

Å stoppe litt opp.
For å HVILE hos Han som har lovet at:

«Går du gjennom vann, er jeg med deg...»
Jesaja 43,2

Vår grøne kyrkjelyd

**Forsida**
Os kyrkje bada i kveldslys. Foto: Mathias Heggland

**Trykk**
Aksell | Opplag 9190

**Abonnement**
Bladpengar (frivillig) kr. 200/år
Bankgiro 3201.53.23484
Vipps 786791
Kontakt oss for utanbygds abonnement (kr. 300/år)

SVANEMERKET
Trykkeri
2041 0379

TRYKT I NORGE

# GLIMT FRÅ KYRKJELYDEN



*Kyrkjelydsturen for Eldretreff og Senior-Koinonia den 6. juni gjekk m.a. til Norheimsund kyrkje, der Roar Strømme fortalde om den mektige altertavla. Godt vêr og godt reisefølgje! (Foto: Gerhard A. Hansen)*

*Stopp ved Steinsdalsfossen på veg til Norheimsund. Turen heim gjekk via Fossestiftelsen i Strandebarm, Oma og Mundheim.*



*Sommargallaen i Tunet har blitt ein tradisjon, og ein av stamgjestane er ordførar Trine Lindborg - her foran fotoveggen med deltakarane Leander og Henry (Foto: Martin Bakke Slåttsveen)*






*Medlemmar frå kyrkjelyden var med då den fyrste Pride-paraden i Bjørnafjorden gjekk av stabelen 24. juni (Foto: Bjørnafjorden Pride)*



*Fonos deltok med fargerik song under regnbogegudstenesta i Os kyrkje 22. juni. (Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)*

*Eit strålande team av ungdommar og andre frivillige sytte for open kafé i Tunet på 17. mai i år (Foto: Inger-Johanne Haugland)*





*Etter rundt 80 Eldretreff i Kløvertun sidan 2011 vart kantor Andrew Paul Holman behørig takka av med blomar før han gjekk av med pensjon i sommar. Her med Vigdis Thunold frå Sanitetskvinnene og Gerhard A. Hansen frå programnemnda for Eldretreffet. (Foto: Eirik Norheim)*

*Bogeskyting stod på programmet for sommar-avslutninga for staben på Seletun Miljøhotell. Vi traff i alle fall blink med vêret... (Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)*



*For fyrste gong sidan pandemien var det duka for Join Us-konsert 24. mai. Ein velfylt sal såg band og kor levere til gull frå scena! (Foto: Martin Bakke Slåttsveen)*



*Breie smil frå Rahel og resten av deltakarane på årets Skapingsdagar i juni (Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)*






*Som vanleg er det mykje fargerik kunst å oppleve etter "skapingsgudstenesta" på slutten av Skapings-dagane (Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)*



*Så fint blir det når teamet av frivillige hjelparar steller i stand til minnesamvær i Tunet (Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)*

# Kjære 4.-åring, vi vil gje

# bok til deg

I år er det 4 år sidan du vart døypt.
Vi ynskjer difor å gje deg ei gåve frå kyrkjelyden. Gåva er «Mi kyrkjebok 4». I denne boka er det fortellingar frå Bibelen, barnesongar og du blir kjend med Bo og Nora (sofabilete). Du skal og få eit lite aktivitetshefte som høyrer til boka. I dette heftet kan du fargelegge og gjere nokre kjekke oppgåver saman med dei heime.

Gåva blir delt ut på ei familiegudsteneste i Os kyrkje eller i Nore Neset kyrkje. Rett etter gudstenesta blir det kake, saft og kaffi. Håpar at du og familien din har lyst til å vere med på det og. De kan velje kva for familiegudsteneste det passar best å få utdelt boka:

**Os kyrkje, søndag 17. september kl. 11.00**
**Nore Neset kyrkje, søndag 1. oktober kl. 11.00**

Om det ikkje passar nokre av desse dagane, er det og mogleg å kome innom kyrkjekontoret å hente boka på kvardager mellom kl. 10.00 og 14.00 (onsdagar stengd).

Påmelding: Vi skriv namnet i boka på førehand og treng difor påmelding.
Påmelding på nett: www.kyrkja.no/os

Påmeldingsfrist Os kyrkje torsdag 14. sep
Påmeldingsfrist Nore Neset torsdag 28. sep.

# Velkommen til babysong i Os kyrkjelyd

Gratulerer med den vesle, vi håper det går fint med dykk! Som ein del av trusopplæringa i Os kyrkjelyd, vert du invitert til å delta på babysongkurs (7-8 gangar), enten i Tunet (Os sentrum) eller i Nore Neset kyrkje.

Det er dei som er døypte som får invitasjon i posten. Men kjenner du andre som ikkje er døypte, så inviter dei gjerne med.

Vi byrjar presis klokka 10.00 og har ein halvtime med song og sansing saman med borna, før vi et lunsj i lag.
Håpar å sjå nettopp deg!
Ta kontakt om du lurer på noko.

**Stad: Tunet kyrkje og kultursenter**
**Oppstart: tysdag 22. august kl 10:00**

**Stad: Nore Neset kyrkje**
**Oppstart torsdag 7. september kl 10.00**

**Påmelding: https://kyrkja.no/os**

**Ta med deg matpakke (smørelønsj i Tunet kl 11.30)– vi har kaffi, te og vatn.**
**Vist det vert mange påmelde, vil det bli ei gruppe før lunsj og ei etter lunsj.**

**Vi møtast same tid kvar veke.**



# KOReDu

*- for deg som går på 1.-7. trinn*







Vil du bli med å synge i kor til hausten?
Vi har eit godt felleskap, spennande aktivitetar og festivalar i vente.
Kom bli med!

## Song

I koret lære vi nye songar.

Har du prøvd å syngja i mikrofon? Alle kan få prøve det. Når vi opptrer blir koret ofte satt mikrofon på og dei som skal syngje solo vil få eigen mikrofon.

Kanskje du har lyst til å synge solo?

## Viktige datoar

Vi øver til festivalar og opptredener. Her er dei viktigaste hausten 2023

KFUK-KFUM Barne og Tweens-festival i Skjold 28.-29. oktober

Julemessa i Tunet 25. november

Julegudsteneste 24. desember

Barnekorfestival i Ytrebygda 20. januar 2024

## Felleskap

Oppstart 7. september kl 17.30 i Storsalen

Øvingar for 1.-4. klasse er torsdagar i partallsveker. kl 17.30-19.00

Øvingar for 5.-7. klasse er alle torsdagar utan om hausferien. kl 17.30-19.30

klokka 18.45 et vi kveldsmat. Det kan vere godt å få litt påfyll av mat og drikke undervegs i ei øving.

## Festival

KFUK-KFUM arrangerar Barne og Tweens-festival i Skjold kirke 28.-29. oktober.

Her skal vi synge, danse, leike og ha masse kjekke aktivitetar.

Dei som er i tweensalder vil få tilbod om å overnatte i kyrkja i Skjold.

# Familiekoret ShubaDubs

*for deg mellom 2,5 og 5 år, og foreldre/sysken*

## Kva skjer?

Øvingane våre er i Tunet kyrkje- og kultursenter annankvar torsdag frå kl. 1730-1830.

Vi syng ein halvtimes tid før vi et kveldsmat i lag. Vi handlar inn mat og drikke. Vi håpar kvar familie kan stille som «smøre –kvelds - ansvarleg» ein gong pr semester.
Liste vert laga.

Nokre gangar er vi med å synge på basarar eller på gudstenesta.



## Påmelding

På heimesida til Os kyrkjelyd.

Det kostar 200 kr i semesteret å vere med. Dette kan betalast når dokke melder dokke på.
VIPPS 648020 merk. shubadubs og namn

https://kirken.no/nb-NO/fellesrad/os-vestland/

Meld dokke på, det er begrensa plassar.

# Kyrkjevalet 2023

**Kyrkjevalet 11. september skjer parallelt med fylkes- og kommunevalet, og peiker ut representantar til sokneråd og bispedømeråd over heile landet.**

**Her finn du info om førehandsstemming i Os, og kven som stiller til val lokalt.**

## Kandidatar til Os sokneråd

**I soknerådet veljast det 8 faste rådsmedlemmar og 5 vararepresentantar. Bruk stemma di og vis at vi er mange som bryr oss om kyrkja!**



**1. Jon Håkon Øen** Rådgjevar, Nore Neset (f. 1973)



**2. Tone Steinsund Hagevik** Klinisk sosionom, Nore Neset (f. 1980)

Eg vil engasjera meg i Os kyrkjelyd fordi eg trur kyrkja er viktig for oss menneske. Når vi skaper ei kyrkje som er god å koma inn i kan den verta endå viktigare. Eg ønsker at kyrkja kan få rolla som ein "pluss-faktor" i livet. Både i kvardag, til fest, i glede som i sorg.

Lokalkyrkja har mange viktige oppgåver. Det som er viktigast for meg er at kyrkja vår gjev menneske eit møte med ein levande Gud og eit møte med eit opent og varmt fellesskap. Vi er ein kommune i vekst. Sjølv er eg tilflyttar til kommunen. Eg har nok eit ekstra hjarte for at kyrkja skal vera ein stad der alle som ønsker det skal få koma og få høve til å bli ein del av eit "vi"



**3. Per Gunnar Oseng** Avdelingsleiar, Lekven (f. 1984)

Jeg er glad i Os kyrkjelyd, og har trivdes godt i soknerådet de siste fire årene. I rådet får jeg muligheten til å være med å legge til rette for at vi har en levende kirke i bygda vår. Lokalkirka skal være en møteplass der alle føler seg velkommen og sett. Vi samles i troen på at Gud har skapt oss, frelst oss og at han ønsker å være en del av livet vårt. Våre liv er ulike og vi har ulik bagasje med oss i livet. Jeg håper kirka kan speile et mangfold der Guds kjærlighet er fellesnevneren.

**4. Christine W. L. Halland** Lærar, Haugland (f. 1973)

**5. Karl Ole Midtbø** Pensjonert dirigent/gen.sekr., Os (f. 1955)

**6. Grethe Inger Berge** Pensjonert lærar, Nore Neset (f. 1953)

Eg ønskjer at så mange som mogeleg ,både unge og gamle skal bli kjende med Jesus og få oppleva felleskapet i Han.

**7. Espen Haga** IT-konsulent, Halhjem (f. 1975)



**8. Olav Emil T. Vatshelle** Student og yrkessjåfør, Hegglandsdalen (f. 1988)

Eg kom til Os som niåring, og vaks opp med kyrkjelyden både i Os kyrkje og på Kongshaugsamlingane. Eg var sjølv aktiv i ungdomsarbeidet og soknerådet frå eg var konfirmant og fram til eg flytta frå Os som 19-åring. Eg har utelukkande gode minner frå den tida. Det har imidlertid vorte ganske tydeleg at mange ikkje kjende seg like velkomen som meg i kyrkja den gongen. Os kyrkjelyd har i seinare tid gjort eit godt arbeid og kome langt i å endre på dette og å gjere kyrkja til den varme og inkluderande folkekyrkja eg meiner den skal vere, både med solidaritetsflagging etter Oslo-terroren i 2022, og no seinast med den fantastiske regnbogegudstenesta i juni. Eg ønskjer no å bidra med mitt for å halde fram det gode arbeidet og den fine retninga kyrkjelyden er på veg i.

Ei viktig oppgåve lokalkyrkja i Os må ta fatt på er ein god og solid runde på haldninga til vigsel for samkjønna. Vi kan ikkje skyve foran oss eit så viktig spørsmål med å seie at "vi vil ta den vurderinga når det blir aktuelt". Det er alltid aktuelt!

**9. Frode Qvale** Lektor, Os (f. 1969)



**10. Helge Davidsen** Seniorrådgjevar / siv.ing. Lysekloster (f. 1953)

Jeg har et ønske om å bidra i Os kyrkjelyd og er blitt utfordret til å stille til valg i Os sokneråd.

En viktig oppgave for lokalkirken er å møte mennesker i og utenfor menigheten med en klar, forståelig og inkluderende formidling av hovedelementene i den kristne tro.

**11. Birk Eiken Lunde** Konsulent, Søre Øyane (f. 1999)

**12. Malin Nøss Vangsnes-Weaver** Dansekunstner/produsent, Os (f. 1987)

**13. Olav Kvinge** Rådgjevar, Søre Neset (f. 1958)

**14. Inger Botnevik** Pensjonert lærar, Os (f. 1956)

**15. Arild Jentoft** Pilot, Søre Neset (f. 1964)

## Valdagen 11. september

Du stemmer fortrinnsvis i den krinsen du bur (sjå valkortet til kommunevalet).
Val-lokala er opne frå 09.00-21.00.

| Krins | Lokale |
|---|---|
| Lysekloster | Lysekloster skule |
| Nore Neset | Nore Neset aktivitetshus |
| Os nord | Os idrettspark |
| Os sentrum | Tunet kyrkje- og kultursenter |
| Søfteland | Søfteland barneskule |
| Søre Neset | Lunde barneskule |

# Gje di stemme ved kyrkjevalet!

**Er du ein av 3,5 millionar medlemer i Den norske kyrkja?**

**Når du stemmer i kyrkjevalet, støttar du arbeidet til kyrkja, og du er med på å bestemme kven som skal leie ho framover. Alle medlemmer som fyller 15 år i år eller er eldre, har stemmerett. På dei neste sidene får du ein kort presentasjon av kandidatane som stiller til val i Bjørgvin bispedøme.**

**Meir informasjon om kandidatane finn du på www.kyrkjevalet.no**



## Førehandsstemming i Tunet kyrkje- og kultursenter

Fram til 6. september er det mogleg å **førehandsstemme digitalt på kyrkjevalet.no.**

Det er òg mogleg å førehandsstemme ved å møte opp i **Tunet kyrkje- og kultursenter** i desse tidsromma:

**Torsdag 24. august kl. 12.00-14.00**
**Torsdag 31. august kl. 15.00-21.00**
**Søndag 3. september kl. 12.00-14.00**
**Onsdag 6. september kl. 12.00-14.00**

**Hugs legitimasjon!**

**Stem digitalt her!**

DEN NORSKE KYRKJA
Bjørgvin bispedøme

# Kyrkjevalet
10.- 11. september 2023

I Bjørgvin bispedøme er det fire lister ved bispedømerådsvalet 2023: **Bønnelista**, **Frimodig kyrkje**, **Nominasjonskomiteens liste** og **Open folkekyrkje**. Listene er presenterte alfabetisk. Kandidatane på kvar liste er presentert i prioritert rekkefølgje. Kandidatar med **utheva skrift** får 25 prosent stemmetillegg.

## Bønnelista

Bønnelista vil vidareføre den kristne tru og tradisjon som Den norske kyrkja har vore tufta på sidan reformasjonen. Bibel og vedkjenning er og skal vere kyrkja sitt grunnlag. Den norske kyrkja skal vere ein del av Guds synlege kyrkje på jord, med medlemmer som har Jesus som Herre, og med lokalstyrte kyrkjelydar med leiarar som let seg leie av Den Heilage Ande og som søkjer Gud i bøn og tilbeding. Bli kjend med kandidatane på **www.bonnelista.no**

1 
**Sigurd Grindheim**
(1968)
Professor, Stord

2 
**Solaug Anita Apelthun Sæle**
(1951)
Økonomisjef, Fjell

3 
Finn Indrebø
(1948)
Pensjonist, Askøy

4 
Trygve Johannes Hellesøy
(1938) Pensjonert prest, Hellesøy

5 
Torid Morsund Øygard
(1999)
Student, Bergen

6 
Magdalena Steinhovden
(1947) Pensjonist, Naustdal

7 
Anna Helena Bruun
(1974) Regnskapfører, Rådal

8 
Mahdi Alipor Esfahani (1979)
Butikkmedarbeidar, Førde

9 
Anders Myrene
(2002)
Student, Naustdal

## Frimodig kyrkje

Vi ønskjer ei kyrkje som er trufast mot Guds ord, open og evangeliserande. Målet er å nå dagens menneske med evangeliet og utrusta til å følgja Jesus i kvardagen. Kyrkja blir bygd nedanfrå og gudstenestene er pulsslaget. Vi vil gje den lokale kyrkjelyden større ansvar, redusera sentralstyring og byråkratisering og gje rom for kyrkjelydar med ulik profil. Vi vil stimulera til levande fellesskap nær Jesus og nær menneske. Vi ønskjer å styrka arbeidet med søndagsskule, trusopplæring, bibelundervisning og Alphakurs, evangelisering og omsorgsarbeid. Vi vil arbeida for trygge og sunne rammer for born og unge i ei grenselaus tid. Frimodig kyrkje ønskjer å endra valordninga i kyrkja bort frå eit polarisert partisystem. Ein nærare presentasjon avkandidatane våre finst på **www.frimodigkirke.no/bjorgvin**

1 
**Gunnar Innerdal**
(1983) Førsteamanuensis, Øygarden

2 
**Per Hilleren**
(1959)
Bonde, Sogndal

3 
Marthe Hauge
(1965) Kreftsjukepleiar, Skilbrei i Sunnfjord

4 
Egil Morland
(1950)
Professor emeritus, Øygarden

5 
Geir Møller
(1957)
Pensjonist, Bergen

6 
Karen Sofie Uthaug
(1998)
Student, Alver

7 
Hilde Kayser Rohde
(1955)
Pensjonert musikar, Bergen

8 
Annlaug Risa
(2003)
Student, Balestrand

9 
Torstein Backer-Owe
(1959)
Rådgjevar, Odda

## Open folkekyrkje

Sidan starten i 2014 har Open folkekyrkje gjort det vi kan for at Den norske kyrkja har vorte meir open for eit mangfald av menneske med ulike liv og livsrøynsler. Vi har mellom anna syt for at også likekjønna par skal kunna gifta seg i kyrkja si. Oper folkekyrkje ynskjer ei kyrkje som alle skal kunna leva heile livet der alle skal kjenna seg velkomne, sedde og stadfesta. Kyrkja har ikkje A- og B-medlemer – dåpen er einaste medlemsvilkår. Open folkekyrkje vil at kyrkja skal utviklast vidare som ei open, inkluderande og demokratisk folkekyrkje. Vi vil arbeida for at fol meir og meir skal kjenna at dei høyrer til i kyrkja, slik at den kristne trua vert halden levande og er viktig i den einskilde sitt liv. Kyrkja skal vera open for alle, fremja menneskeverdet og motarbeida diskriminering. **www.apenfolkekirke.org**

# Nominasjonskomiteens liste

Kyrkjelydane si felles liste er sett opp av ein nominasjonskomite med eitt medlem frå kvart prosti, valt av sokneråda, i tillegg til ein representant frå ungdomsrådet. Kandidatane er forslag frå sokneråd, ungdomsråd og nominasjonskomiteen sjølv. Komiteen har mellom anna vektlagt kandidatar som er opptekne av at kyrkja sitt arbeid skal vera lokalt forankra, i sokna. Lista representerer ingen organisasjon eller interessegruppe. Saman vil me arbeida til det beste for den lokale kyrkja. Les meir om nominasjonskomiteen sine lister og dei enkelte kandidatane på **www.nominasjonskomiteen.no**

1 
**Dag Sele** (1964) Lege, Stord

2 
**Turid Fjose** (1969) Lege, Voss

3 
**Amalie Gjengedal-Eide** (1996) Lektor, Bergen

4 
**Arne Jostein By** (1948) Pensjonist, Stryn

5 
**Kristin Jordheim Bovim** (1955) Lege Bergen

6 
**Dag-Olav Bjorøy** (1957) Seniorkonsulent, Øygarden

7 
**Hege Feet Askvik** (1957) Pensjonist, Alver

8 
**Helge Dyrkolbotn** (1964) Avdelingsleiar, Austrheim

9 
**Amalie Ulevik Bjerk** (1997) Student, Bergen

10 
**Ingeborg Watne Flatland** (1979) Lærar, Førde

11 
**Leif Steinar Alfsvåg** (1959) Høgskulelektor, Stord

12 
**Elise Skjærven Aas** (2005) Student, Bergen

13 
**Rune Garmann** (1952) Pensjonist, Masfjorden

14 
**Torild Teige Strand** (1959) Lærar, Solund

1 
**Karl Johan Kirkebø** (1950) Pensjonist, Bergen

2 
**Oddny Miljeteig** (1954) Pensjonist, Bergen

3 
**Live Bakke Nydal** (2004) Student, Florø

4 
**Rune Johan Skjælaaen** (1954) Pensjonist, Bergen

5 
**Anne Vierdal** (1996) Trusopplærar, Sveio

6 
**Eiel Holten** (1968) Seniorrådgjevar, Bergen

7 
**Malene Mortensen** (2001) Sekretær, Sotra

8 
**Håkon Glatved-Prahl** (1956) Journalist, Alver

9 
**Mari Skjerdal Lysne** (1985) Stipendiat, Sogndal

10 
**Vegard Flatebø Trætteberg** (2002) Lagførar, Bergen

11 
**Inger Johanne Gullbrå** (1949) Pensjonist, Voss

12 
**Lars Hana** (1955) Pensjonist, Askøy

13 
**Signe Eikenes** (1963) Prosjektleiar, Leikanger

14 
**Andreas Gravdal** (1981) Formidlar. Bergen

15 
**Ove Sverre Bjørdal** (1971) Statsautorisert revisor, Bergen

16 
**Torill Jørgensen Frøise** (1972) Rådgjevar Askøy

17 
**Christian Emil Haugen** (1990) Lege, Bergen

DEN NORSKE KYRKJA
Bjørgvin bispedøme



# Nyttig å vite om valet

**Kvifor stemma ved kyrkjevalet?**
Som medlem bidreg du til fellesskap, glede, livsmeistring og meining for deg sjølv og andre, til dømes gjennom dåp, bryllaup, babysong, barne- og ungdomsaktivitetar, gudstenester, kor og konsertar. Du bidreg også til å ta vare på vår felles kulturarv i form av kyrkjebygg og tradisjonar, og du er med på å støtta det sosiale arbeidet til kyrkja for menneske i glede og sorg, einsame eller aktive i fellesskap. Ved å stemma bidreg du til at kyrkja er ei demokratisk folkekyrkje.

**Kven har stemmerett?**
Medlemer av Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15 år. Du må vere døypt for å vere medlem i kyrkja. Det er ikkje andre krav til stemmerett enn alder og medlemskap. Sjå medlemskapen din på **www.kyrkja.no/medlem**

**Kven blir valt i kyrkjevalet?**
Du stemmer lokalt på **kandidatar til soknerådet** der du bur. Hovudoppgåva til soknerådet er å utvikla arbeidet til kyrkja i lokalsamfunnet, frå gudstenester og barne- og ungdomsarbeid til kultur og sosialt arbeid og diakoni. Som regel er det berre ei liste ved soknerådsvalet.

Du stemmer regionalt og nasjonalt ved å stemma på medlemer til **bispedømerådet** og **Kyrkjemøtet.**

**Bispedømerådet** er det regionale styringsleddet i Bjørgvin (Vestland fylke). Rådet jobbar strategisk med å samla og formidla kunnskap om utvikling i kyrkjelydane, driva utviklingsprosjekt og fremje samarbeid mellom kyrkjelydane. Ved bispedømerådsvalet er det fire lister.

**Kyrkjemøtet** er det øvste organet i Den norske kyrkja. Her blir alle bispedømeråda samla ei veke kvart år. Kyrkjemøtet vedtek planar og strategiar for kyrkjemusikk, sosialt arbeid (diakoni), miljøarbeid, kulturarven til kyrkja, ordningar for gudstenester og organisering av kyrkja.

**Korleis stemmer du i kyrkjevalet?**
Du stemmer på same tid som ved kommunestyre- og fylkestingsvalet. Kyrkjevalet skjer i eit lokale rett i nærleiken av kommunevalet. Det er òg mogleg å førehandsstemma.

**Enkelt å førehandstemma digitalt**
Du kan førehandsstemma når og kvar du vil på nett frå 10. august til og med 6. september 2023. Skann QR-koden under eller besøk kyrkjevalet.no Hugs at det er hemmeleg val! Les meir om kandidatane til begge val på **www.kyrkjevalet.no**

**Godt val!**

## Kyrkjevalet
10.- 11. september 2023

Utgjevar: Valrådet i Bjørgvin bispedøme
Formgjeving: dragefjellet.no



*Join Us leverte ein knallkonsert i Tunet 24.mai!*

# UNGDOMSTUNET

Sidan bilete seier meir enn tusen ord, nøyer vi oss med å legge til: Bli med oss! Hjå oss er det plass til fleire - Ungdomstunet er tru og glede i godt fellesskap. Sjåast i haust?



*Bandet stod for bunnsolid backing frå scena i Storsalen på konserten 24. mai*



*KRIK på fredagar er for dei som er glade i idrett og aktiv leik - og snop...*



*Blide fjes på ein nydeleg sommarkveld: Sommargalla 2. juni!*



*Fotodagbok frå Tensing-seminar på Sunnmøre fhs: Dinah og Marthe er klare for avreise!*





*Fotodagbok frå Tensing-seminar: Inspirerande å bli kjent med andre som driv med musikk i kyrkjene rundt om !*

## JOINUS (KOR, BAND, DANS, MATLAGING)

Tid: Onsdagar klokka 18.30-21

Stad: Tunet

## KRIK OS

Tid: Fredagar 18-19.30

## BLI MED PÅ HAPPENING!

Happening er fredagskvelder med ope hus for ungdom frå 8. trinn og ut vidaregåande skule. Det blir servert mat, og vi har plass til alle - anten du vil vere med på liv og røre eller berre slappe av i lag. Her er du velkommen!

Datoar i haust: 25. august, 15. september, 29. september, 20. oktober, 3. november, 8. desember (julegalla)
Tid: Klokka 20-23
Stad: Tunet kyrkje- og kultursenter

# Les meir og følg oss på

@ungdomstunet | www.ungdomstunet.net | /ungdomstunet

# Os kyrkjelyd Haustkalender

*Napp ut og heng opp!*

| MÅNDAG | TYSDAG | ONSDAG | T |
|---|---|---|---|
| 28<br>*august*<br>Speidaren | 29<br>Open barnehage \| Babysong *Tunet*<br>Seniortreff *Nore Neset kyrkje* | 30<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs | 31<br>Fø |
| 4 | 5<br>Open barnehage \| Babysong *Tunet*<br>Eldretreff *Kløvertun* | 6<br>Førehandsrøysting 12-14<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs | 7 |
| 11<br>Kyrkjevalet 2023 | 12<br>Open barnehage \| Babysong *Tunet*<br>Seniortreff *Nore Neset kyrkje* | 13<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs | 14 |
| 18<br>Speidaren | 19<br>Open barnehage \| Babysong *Tunet* | 20<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs | 21 |
| 25<br>venneveko<br>Speidaren | 26<br>Open barnehage \| Babysong *Tunet*<br>Seniortreff *Nore Neset kyrkje* | 27<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs | 28 |
| 2<br>Speidaren | 3<br>Open barnehage \| Babysong *Tunet*<br>Eldretreff *Kløvertun* | 4<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs | 5 |
| 9<br>*Haustferie* | 10<br>Seniortreff *Nore Neset kyrkje* | 11 | 12 |
| 16<br>Speidaren | 17<br>Open barnehage \| Babysong *Tunet* | 18<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs | 19 |
| 23<br>Speidaren | 24<br>Open barnehage \| Babysong *Tunet*<br>Seniortreff *Nore Neset kyrkje* | 25<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs | 26 |
| 30<br>Speidaren | 31<br>Open barnehage \| Babysong *Tunet*<br>Seniortreff *Nore Neset kyrkje* | 1<br>*november*<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs | 2 |
| 6<br>Speidaren | 7<br>Open barnehage \| Babysong *Tunet*<br>Eldretreff *Kløvertun* | 8<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs | 9 |
| 13<br>Speidaren | 14<br>Open barnehage \| Babysong *Tunet*<br>Seniortreff *Nore Neset kyrkje* | 15<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs | 16 |
| 20<br>Speidaren | 21<br>Open barnehage \| Babysong *Tunet* | 22<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs | 23 |
| 27<br>Speidaren | 28<br>Open barnehage \| Babysong *Tunet*<br>Seniortreff *Nore Neset kyrkje* | 29<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs | 30 |

**Aktivitetane foregår i Tunet om ikkje anna er nemnt. Sjå nettsida www.kyrkj**

| ORSDAG | FREDAG | LAURDAG | SUNDAG |
| --- | --- | --- | --- |
| Senior-Koinonia<br>rehandsrøysting 15-21<br>Språkkafé<br>KOReDU Tweens | **1**<br>september KRIK | **2** | **3** *NN 11* *Os 11*<br>Førehandsrøysting 12-14 |
| Babysong *Nore Neset*<br>ShubaDubs<br>KOReDU | **8**<br>KRIK | **9**<br>Vokalkonsert *Os kyrkje* | **10** *Os 11* |
| Babysong *Nore Neset*<br>Senior-Koinonia<br>KOReDU Tweens<br>TiTT | **15**<br>KRIK<br>Happening | **16** | **17** *NN 11* *Os 11*<br>Søndagsskulens dag<br>Søndagssamling<br>*Søfteland bedehus 17* |
| Babysong *Nore Neset*<br>ShubaDubs<br>KOReDU | **22**<br>KRIK | **23** | **24** *Os 11*<br>Aldri Åleine |
| Babysong *Nore Neset*<br>Senior-Koinonia<br>KOReDu Tweens | **29**<br>KRIK<br>Happening | **30**<br>Internasjonal fest *Oseana* | **1** *Os 10 + 11.15* *NN 11*<br>oktober |
| Babysong *Nore Neset*<br>ShubaDubs<br>KOReDU | **6**<br>KRIK | **7** | **8** *Os 11* |
| Babysong *Nore Neset*<br>Senior-Koinonia | **13** | **14** | **15** *NN 11* |
| Babysong *Nore Neset*<br>ShubaDubs<br>KOReDU<br>TiTT | **20**<br>KRIK<br>Happening | **21**<br>Konsert Kongshaug *Os kyrkje* | **22** *Os 11*<br>Aldri Åleine |
| Babysong *Nore Neset*<br>Senior-Koinonia<br>Språkkafé<br>KOReDu Tweens | **27**<br>KRIK | **28**<br>Misjonsmesse | **29** *Os 11*<br>Søndagssamling |
| ShubaDubs<br>KOReDU | **3**<br>Happening | **4** | **5** *NN 11* *Os 11*<br>*Os 19* |
| Senior-Koinonia<br>KOReDu Tweens | **10**<br>KRIK | **11** | **12** *NN 11* *Os 11* |
| ShubaDubs<br>KOReDU | **17**<br>K/M Nattcup *Haukelandshallen* | **18** | **19** *Os 11* |
| Senior-Koinonia<br>Språkkafé<br>KOReDu Tweens<br>TiTT | **24**<br>KRIK | **25**<br>Julemesse | **26** *Os 10 + 11.15* *NN 11*<br>Søndagssamling<br>Aldri Åleine |
| Babysong *Nore Neset*<br>ShubaDubs<br>KOReDU | **1**<br>desember | **2** | **3** 1. søndag i advent *Os 11* |

**a.no/os for oppdateringar, detaljar og påmelding!**

DEN NORSKE KYRKJA
Os kyrkjelyd







# Vi kjenner Os

Tenker du på å selge? Med vår unike lokalkunnskap og lange erfaring kan vi love deg et effektivt, trygt og forutsigbart boligsalg. Velkommen innom kontoret vårt i Os sentrum for en hyggelig boligprat.

Kom innom vårt kontor i Os sentrum

Ring oss 915 05560

Kontakt oss på emvest.no

Kom innom kontoret vårt i Os sentrum.

EiendomsmeglerVest

# TiTT - Torsdag i TuneT

**Torsdag 14. september kl 20:00 i TUNET**
Gry Stålsett: «DEN GODE ALENEHETEN OG DEN VONDE ENSOMHETEN»

**Torsdag 19. oktober kl 20:00 i TUNET**
Vidar Mæland Bakke: «FEMFOLDIG SAMSPILL I KIRKE OG SAMFUNN»

**Som vanlig enkel kveldsmat og musikk. Vel møtt!**

# Eldretreff i Kløvertun

**Tysdag 5. september kl. 12:00**
Bjørn Sivertsen fortel frå oppvekst og yrkesliv

**Tysdag 3. oktober kl. 12:00**
Musikk ved Bergen pensjonistorkester

**Velkomen!**

# Internasjonal fest på Oseana i Venneveko

## Laurdag 30. september kl. 13.00-15.00

**Velkommen til internasjonal fest for alle bjørnafjordingar - både nye og veletablerte!**

I år vil **Bjørnafjorden kommune og kyrkja markere at det er femte året på rad at det vert skipa til Venneveko. Formålet med veka er at vi saman sett fokus på inkludering, relasjonar og venskap.** I vår kommune bur det folk frå mange ulike nasjonar, og omlag 13 % er innvandrarar frå ulike delar av verda. Vi treng kvarandre, og saman vil vi skape eit godt lokalsamfunn for alle.

Vi inviterer deg difor til internasjonal fest med kulturinnslag, mat og samvær i Oseana laurdag 30. september kl. 13:00 til 15.00. Dette kan bli ei uforgløymelig oppleving i lag!

**Ta med ein ven og kom!**
Arrangementet er gratis!

**Arrangør:**
Os kyrkje: Kontaktperson diakon Ingrid Vik (iv588@kyrkja.no)
Bjørnafjorden kommune: Kontaktperson Sigbjørg Eriksson (sier@bjornafjorden.kommune.no) og Stine Kobbeltveit (stko@bjornafjorden.kommune.no)

venneveko

Hugs
vår tradisjonsrike

# JULEMESSE
## i Tunet

## laurdag 25. november

Messebutikk
Åresal
Lotteri
Mat
Musikk
Leikar og aktivitetar

**Bli med!**


**OS HAGESERVICE**
alt innen hage

**Vi lager hageplan, murer, legger stein, lager plen og planter busker og trær.**

**56 57 66 77    99 00 80 80**
**www.oshageservice.no**




Møte
Merkedag
Minnesamvær

# Leig lokale i Tunet!

Informasjon og prisar får du ved å ta kontakt på post.os@kyrkja.no eller telefon 56 57 24 00



# To på skapingsdagar

Under Skapingsdagane 21.-23.juni, eit av dei største trusopplæringstiltaka i kyrkjelyden, var både Tunet og kyrkjeflaten fylt av kreative sjeler frå 1. og 2. trinn, og gode medhjelparar. Vi tok ein prat med eit par av dei.



### Elias Svarthumle, deltakar

*Liker du deg på Skapingsdagane?*
Ja, det er gøy!

*Kva synes du har vore det kjekkaste så langt?*
Å spele tromme med Oddvar (vaksen medhjelpar, journ. anm.)

*Og har du ein trommefavoritt?*
Tordentromma til Trommelars, den er kul!

### Kristin Ogwu Hesjedal, medhjelpar

*Kva er din oppgåve på Skapingsdagane?*
Eg leiker med og held styr på ungane i pausane og hjelper til på Frøydis si teatergruppe.

*Kva er det kjekkaste synes du?*
Møte barna og vere med å leike - i dag har eg til dømes lært ein hoppetau-sang!

*Kva for eit innslag i årets skapingsgudsteneste likar du best?*
Eg likar veldig godt når dei vifter med fargerike sjal i teaternummeret.



# Velkomen til
# **Aldri åleine**

Likar du å prata, leika, synga og sjå film? Er du glad i mat? Har du lyst til å bli meir kjend med Jesus? Om svara er ja, er kanskje «Aldri åleine» noko for deg!

Datorar som er satt opp i haust
24. september / 22. oktober / 26. november

**Oppstart**
**Søndag 24. sep kl. 18-19.30**
**blir det «Aldri åleine» i Kyrkjetunet. Dette er eit tilbod for dei som går i 5.-8. klasse(10-14år).**
**Her skal vi bli betre kjende med Jesus, og med kvarandre. Vi skal leika, og kosa oss med god mat.**

DEN NORSKE KYRKJA
**Os sokn**

**VI ER PÅ LEIT ETTER:**

## Ungdomsleiar

100 % vikariat til 30.06.24 med moglegheit for forlenging

Er du ein sosial og engasjert vaksen som vil skape gode rom for tru og fellesskap i eit levande ungdomsmiljø?

## Kyrkjelydspedagog/ trusopplærar

70-100 % vikariat til 31.12.23 med moglegheit for forlenging

Vil du ha prosjektansvar og invitere til kjekke aktivitetar som bringer Jesus til borna? Vi vil ha deg med på laget!

**Følg med på utlysingar på kirkejobb.no, FINN - eller ta kontakt med oss!**

# Takk for meg!

Eg går av med pensjon den 1. august. Den 1. november 2011 starta eg som kantor i Os. I dei siste 11 ½ åra har eg samarbeida med 8 prestar, fleire medarbeidarar og mange musikarar. Det har vore kjekt for meg å arbeide i Os. Men no fyller eg 68 år og det er tid for å gje stafettpinnen vidare.

Mange spør meg "Kva skal du gjere? Skal du flytte tilbake til statene?" Nei, eg blir her i Noreg. Nyleg har eg kjøpt nytt hus på Skjold i Rådal. Dei siste 2-3 månadene på jobb pendla eg med buss frå Lagunen. Eg skal fortsette å spele hardingfele i spelemannslaget og kanskje starta som medlem i Bergen pensjonistorkester. Ein del reising blir det òg; Polen i september og California i oktober. Eg fortset å spele orgel og piano - og kanskje kjem eg tilbake av og til som vikar.

Vi snakkast. Takk for meg!



*Kyrkjelyden fylte Storsalen då kantor Andrew takka for seg på kyrkjekaffien søndag 11. juni. Den vordende pensjonisten hadde både quiz og anekdoter med seg på talerstolen, og gjester frå USA i salen (Foto: Sigurd R. Tunestveit)*



**Andrew Paul Holman**
Kantor

# Stemningsfull og vakker vokalkonsert i Os kyrkje

*"En fantastisk konsert (...). Bodil sin utrolige stemme var som en stemmepensel som malte skog, hav og fjell i vakre strøk, farger og forsiktige streker. Nydelig."*
*- Arve J. Nilsen, publikummer*



*(Foto: Jørn Lavoll)*

Songaren og komponisten Bodil Rørtveit inviterer til Vokalise for den blå planeten. Vokalise betyr song utan ord. Dette er ein poetisk og meditativ konsert – ein hyllest til naturen og planeten vår, skogen, havet og fjellet. Bodil ønskar å skape rom for ettertanke og ny inspirasjon gjennom langstrakte melodilinjer og lydlandskap inspirert av vakker og storslått natur. Ho utnyttar si fleksible stemme og skapar eit vokalorkester med sin Loop Station.

Saman med regissør Ingrid Askvik utvikla Bodil denne konserten til Bergen Kirkeautunnale i 2021. Dei utnyttar heile rommet som konsertarena. Bodil sin musikk er inspirert av tidlegmusikk, folkemusikk, fuglar og andre naturlydar.

Bodil Rørtveit har dei siste åra gjort seg bemerka som ein uttrykksfull songar med stor stemme. Ho ønskar å inspirere og skape tilhørighet og har ei leikande haldning til musikken. Ho har samarbeida med store institusjonar i Bergen, som Bergen Filharmoniske Orkester og Festspillene i Bergen og har fått gode kritikkar på prosjekta sine. Bodil underviser også i jazzvokal ved Griegakademiet.

## Os Kyrkje, laurdag 9. september kl 16.00

Medvirkande:
Lyddesign: Thorolf Thuestad
Regi/dramaturgikonsulent: Ingrid Askvik
Produsent: Syv mil AS ved Hjørdis Steinsvik

Billettar: 250/100 kr (under 16 år).
Tingast på nett (Ticketco), men kan òg kjøpast i døra (Vipps).

Turnéen er støtta av:
Creos Vederlagsfond, Bergesenstiftelsen, Norsk Kulturråd, Bergen Kommune og Vestland Fylkeskommune.

**www.bodilrortveit.no**



# EIT VÅREVENTYR PÅ KYRKJEGARDEN



Så fekk vi endeleg oppleve det vi håpa på: Ugle i uglekassa vår. Det er om lag fem år sidan vi fekk hengt opp fuglekasser på gravplassane våre. Kyrkjegardsarbeidar Marianne Tveit tok kontakt med Os Asvo som laga fem små fuglekasser og to uglekasser til oss.

Småfuglekassane har vore flittig i bruk på både Kuventræ gravplass og på Nore Neset kyrkjegård, men uglekassene har vi smilt litt av. Ute på jobb har vi sett ekorn klatre inn og ut og tenkt at vi kanskje var litt optimistiske som håpa på at ugler skulle flytte inn.

Så ein dag i begynnelsen av mai titta plutseleg to auge ut fra uglekassa og eventyret var i gang. No var sjansen her til å lære meir og oppleve denne vakre og litt mystiske fuglen. Det vart nokre spennande veker der mykje skjedde på kort tid.

Vi fekk hengt opp viltkamera som vi fekk låne av barne- og familiearbeidar Sylvi Lundgren. Underteikna tok kontakt med Bård Lyssand som bur rett gjennom skogen frå kyrkjegarden på Nore Neset. Eg fortalte om ugla og lurte på om han ville komme og sjå og fortelle litt om ugler. Ein ettermiddag kort tid etter kom Bård og Ragnar Lyssand som driv med merking av ugleungar. No kunne vi vere med på merkinga, og to kattugleungar var det i kassa vår. Kollega og hobbyfotograf Øyvind Dreyer tok med seg kameraet sitt og vi lista oss ut i skogen på uglejakt. Ugla er god til å kamuflere seg og ikkje lett å få auge på i sitt rette element, men så hjelper det å ha ein uglekasse i nærheten.

Og like brått som det byrja, så var eventyret over for denne gong. Dei heile tok om lag 14 dagar, frå to auge titta ned frå kasseopninga til vi fekk konstatert ugleunger. Vi fekk oppleve uglemor og uglefar sitt gode samarbeid når ugleungene var ute av kassa. Plagsomme skjærer og andre fuglar trakk uglefar med seg vekk så uglemor kunne følgje med og passe på ugleungene. Det var morosamt å sjå ugleungane som tydeleg hadde lært at å kamuflere seg er viktig å kunne.





Eit lite vår-eventyr frå oss i uteseksjonen. Det var verkeleg ei spesiell og fin oppleving å koma så nær inn på kattuglefamilien på Nore Neset!



**Linn Kjerstin Østgulen**
Kyrkjegardsarbeidar og kyrkjetenar

*Alle foto: Øyvind Dreyer*

# STØTT VÅRE ANNONSØRAR!


Os Gravferdsbyrå as

**Døgntelefon**
**56 57 49 50**
Jorunn Moberg
Agnethe Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørande som ønskjer å gjera noko sjølve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

**www.osgravferdsbyraa.no**

*Sag og høvleri*

**DRANGE BRUK A/S**

Høvel- og skurdlast
Panel - lister - golv
Trykkimpregnerte materialar

ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51
5215 LYSEKLOSTER

**KVALITET!**

Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

**PM Sælen & Co AS**
Tlf. 56 30 44 90

JERNIA
www.jernia.no

REISEGARANTI RGF FONDET

**TRAVELNET**

**OS REISEBYRÅ AS** Boks 274, 5203 Os
Tlf. 56304300
e-post: os@travelnet.no | **www.verden.no**



**Elektro-Design AS**

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

**Trenger du en elektriker?**
**Ta kontakt med Geir Skarding:**

**Mob. 91129784**

**Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no**

DRENERING • MURING • SPRENGING

**BOTNEVIK**

Alt innen graving og transport

**Ring Olav på 924 60 307**
**Bård A. på 951 13 187**

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID

**NMS GJENBRUK OS**

**MILJØ, MØTEPLASS & MISJON**

Opningstider: Måndag stengt, tysdag-fredag 11-17, laurdag 11-15

NMS GJENBRUK

**Her finn du det meste**
**- til ein rimelig pris!**

Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á vis Interiøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421

*Vi treng fleire medarbeidarar til eit hyggeleg arbeidsmiljø! Ta kontakt ved interesse!*

MILJØ MØTEPLASS MISJON

Følg oss på Facebook
"NMS Gjenbruk Os"


Os kyrkjeblad trykkast i over 9000 eksemplar og sendast m.a. til alle heimar i Os.

## Annonse?

Informasjon og prisar får du ved å ta kontakt på post.os@kyrkja.no eller telefon 56 57 24 00

# Sokneprestens hjørne

## Den nådelause hausten

Ein ny sommar er over. Vi ser utover mot hausten. Mørkret vil falla tidelegare og tidelgare på kvelden, og vi blir ikkje overraska over både regn, vind og ein og annan takpanne som må bli erstatta. På toppen av det heile: Før jul i desember er det lite som bryt opp monotonien i vekenes nådelause gang på hausten. Det er ikkje påske, pinse eller andre raude dagar å sjå fram til.

Det kan høyrast ut som eg ikkje er nokon fan av hausten. Her er jo berre negative tankar om årstida vi går inn i no. Korleis skal dette gå? Saka er sjølvsagd annleis, og at eg her nyttar det retorisk grepet som er å kontrastera. For hausten er slett ikkje nådelaus. Den har mange raude dagar. Ei i veka faktisk, slik alle andre årstider har. (Kvar søndag altså, viss det skulle vera uklart...) Mørkret på hausten kan vera riktig så fint det, og regnet og, berre vi ikkje må vera ute i det heile tida.

Og lyset... Lyset på hausten er heilt spesielt. Klare, kalde haustdagar før lauvet fell av trea. For mange, av og til inkludert meg, sjølv om eg er mest glad i våren, gir det eit lite glimt av himmel.

I staden for å seie at hausten med sine få pusterom er nådelaus, kan vi kanskje heller seie som Paulus i filipparbrevet:

> *Gled dykk alltid i Herren! Endå ein gong vi eg seia: Gled dykk! Lat alle menneske få kjenna kor godhjarta de er. Herren er nær. Ver ikkje urolege for noko, men legg alt de har på hjartet fram for Gud i påkalling med takkseiing. Og Guds fred som går over all forstand skal vara dykkar hjarta og tankar i Kristus Jesus.*
> *Fil 4,4-7*

Dette er kanskje litt langt for ein overskrift, men når vi legg alt fram for Gud, så er det ingenting som er nådelaust. Gud er nær oss, sjølv når hausten blir lang (for det kan den bli). Gud gir oss pusterom når vi treng det. Hausten er og full av nåde.



**Roar Hallesby Evjedal**
Sokneprest

## Innsamla offergåver i 2023

| Dato | Takkoffer til | Beløp |
|---|---|---|
| 01.01.2023 | CRUX – Vindfanget | kr 2 668 |
| 08.01.2023 | KFUK/M-Bjørgvin | kr 3 476 |
| 15.01.2023 | Misjonsprosjektet | kr 9 119 |
| 22.01.2023 | Kirkens Bymisjon, Bergen | kr 8 688 |
| 29.01.2023 | Tunet | kr 6 183 |
| 05.02.2023 | Det Norske Bibelselskap | kr 7 923 |
| 12.02.2023 | Kirkens SOS Bjørgvin | kr 5 131 |
| 19.02.2023 | Indremisjonssamskipnaden | kr 7 349 |
| 26.02.2023 | Kirkens Nødhjelp | kr 6 516 |
| 05.03.2023 | SOS Bjørnafjorden | kr 6 512 |
| 12.03.2023 | Tunet | kr 6 122 |
| 19.03.2023 | MF - Det Teologiske Menighetsfakultet | kr 6 750 |
| 26.03.2023 | Kirkens Nødhjelp | kr 8 516 |
| 02.04.2023 | Tunet | kr 5 625 |
| 06.04.2023 | CRUX – Vindfanget | kr 4 206 |
| 07.04.2023 | Misjonsprosjektet | kr 639 |
| 09.04.2023 | Eigen kyrkjelyd | kr 9 629 |
| 16.04.2023 | Acta | kr 5 519 |
| 23.04.2023 | Eigen kyrkjelyd | kr 5 263 |
| 30.04.2023 | Tunet | kr 5 448 |
| 6.-14.05.23 | Konfirmantarbeidet i Os kyrkjelyd | kr 39 762 |
| 17.05.2023 | Sjømannskirken | kr 1 222 |
| 21.05.2023 | Misjonsprosjektet | kr 4 470 |
| 28.05.2023 | Åpne Dører | kr 8 365 |
| 29.05.2023 | Areopagos | kr 440 |
| 04.06.2023 | Eigen kyrkjelyd | kr 6 441 |
| 11.06.2023 | Tunet | kr 6 870 |
| 18.06.2023 | Alpha Norge | kr 2 667 |
| 22.06.2023 | Amnesty International | kr 13 220 |
| 25.06.2023 | Vennskapskyrkja på Cuba - Normisjon | kr 4 731 |
| 02.07.2023 | KIA | kr 3 438 |
| 16.07.2023 | Tunet | kr 4 695 |
| 23.07.2023 | VID vitenskapleige høgskole | kr 2 590 |
| 30.07.2023 | Misjonsprosjektet | kr 8 897 |

**Takk for gåva!**

## Salmeskatten

### Salme 899 - Jeg tror på jordens forvandling

*(T. Eyvind Skeie / M. Sigvald Tveit)*

1 Jeg tror på jordens forvandling
en gang, en tid, et sted,
en fremtid hvor Guds himmel
til jorden senkes ned,
en evighet av glede
da alt det vakre her
blir løftet i Guds klarhet
og stråler bedre der.

2 Jeg flykter ikke fra verden.
Den jord som engang falt,
er båret av de hender
som skal fornye alt.
Jeg vet at Jesus lever!
Jeg tror at Herren Krist,
når alle håp er ute,
skal stige frem til sist.

3 Jeg tror på jordens forvandling
En tid, et sted, en gang
skal alle ting bli nye
og alt blir fylt med sang!
Ja, jorden skal fornyes,
og gode ting skal skje!
Bak døden venter Jesus.
Den som vil tro, skal se!

4 Jeg flykter ikke fra verden.
Blant jordens minste små,
der finner jeg en fremtid,
som jeg vil vente på.
Ja, jorden skal forvandles,
dens natt går alt mot gry!
Jeg tror at Jesus Kristus
skal gjøre verden ny!

Salmen *Jeg tror på jordens forvandling* er den siste salmen i Norsk salmebok. Eyvind Skeie har skrive tekst og Sigvald Tveit laga melodi. Teksten vart skriven i 1989 til Freddy Kristoffersen sin plate “Kom ta min hånd”.

Med denne salmen ynskte Eivind Skeie å lage ein tekst om det kristne håpet og samstundes ikkje ta vekk ansvaret for livet her i verda, medmenneske og skaparverket. Denne spenninga mellom himmelen og verda vår ser vi når versa vekslar mellom “Jeg tror på jordens forvandling” og “Jeg flykter ikke fra verden”. Teksten i salmen gir oss framtidshåp og inspirasjon i kvardagen.



**Anna Cecilie Norlund Oksavik**
Organist

# Kyrkjekryss







**I forrige nummer hadde dessverre delar av kryssordet falt ut, og vi gir deg difor ei ny sjanse til å finne løysinga.**

**Send svar til post.os@kyrkja.no og ver med i trekninga av ei fin premie!**

**GRAVMINNER**
Stor salgsutstilling av nye monumenter
Tilføyelser / Oppussing
EIKNER 1908 100 ÅR 2008
**STEINRIKET**
EIKNER NATURSTEIN
ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN
TLF. 55 98 70 00

# BARNAS

## Fargelegg!



Teikning:
Monica Bauleo

**Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!**

**Desse oppgåvene er henta frå bladet.**

**Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00**




## Vitsar

Kvifor har kua bjøller?
Horna funkar ikkje.

Ein dame stod ved fotgjengarfeltet og venta. – No har det vore grøn mann fem gongar. Når blir det grøn dame?

## Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare!
Kva skjuler seg her?



## Finn fem feil!

Her hjelper den miskunnsame samaritanen mannen som blei overfalt. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?
*Teikning: Monica Bauleo*





# Frå kyrkjebøkene

## Døypte

### Velkommen i kyrkjelyden!

**12. mars**
Ariana Skaathun
Edda Hagesæther
Theodor Hagevik
Mathias Sørland

**26. mars**
Lisa Ljones-Lindén
Luka Lindkvist
Gabriel Borgen

**2. april**
Emilian Johansen
Athena Johansen
Steffen Sævdal

**9. april**
Lykke Havsgård
Emilio Matre
Odin Blakarstugun

**16. april**
Jenny Bøthun
Tobias Olsen
Hennie Bogevik
Liam Østervold
Håkon Moberg
Rikke Hjelle

**23. april**
Gabriel August Lamark

**30. april**
Ada Matre Slåttland
Klara Sofie Dalheim Vaksinen
Jakob Hisken Enstad
Marlon Sælen Martinessen
Oskar Søviknes Lien
Fillip Rosvold Kjærstad
Anton Sundøy Johansen
Elias Lihaug Hetleflåt
Theo Enrique Tro Aasen-Valencia

**14. mai**
Sofie Lind Fossåen
Viljar Holdhus Mehammer
Emine Heggland Bøe
Ariel Koldal Sælen

**21. mai**
Mathea Mannseth Eidsvik

**28. mai**
Ada Sofie Haukeland Drange
Iben Hjelle Austestad
Alina Sørstrønen Tysseland

**11. juni**
Bella Sofie Kårevik
Elias Iwinosa Ruland Moberg

**18. juni**
Hermine Sørås
Lilly Pedersen Unfors
Ylva Gjeitrem Moberg
Svend Christian Lemvig
Herman Hellevang Hansen

**25. juni**
Ingrid Aletta Berntsen
Linus Vik Lepsøe
Amanda Eidsvåg-Knudsen

**2. juli**
Anna Oline Haukeland Husa
Samuel Bjørkelund Bjørgo
Emil Olsen Gjerde

**16. juli**
Adela Storebø
Ludvig Fjæreide Bøthun
Synne Lepsøy Brimsholm
Jakob Reed-Larsen
Lovise Presthus Sandvik

**23. juli**
Mia Korop

**31. juli**
Kevin Wolf Andersen

**6. august**
Mathias Grindevoll Skage
Marthe Modalen
Milian Kolltveit Lothe

**13. august**
Ada Hjortland Moberg
Lilly-Petunia Gripsgård Bjørset
Maja Kvalheim Laugen
Sebastian Haugland Haukås

## Vigde

### Tillukke med kjærleiken!

**Os kyrkje 15. april**
Mailinn Kjesæth Unneland & Amund Larsen Vold

**Os kyrkje 27. mai**
Ingeborg Ween Thune-Holm & Kristian Wik

**Moldegård 27. mai**
Morten Børretzen Tøsdal & Karianne Sæthre

**Os kyrkje 3. juni**
Lisa Råket Pedersen & Kristoffer Drange
Isabell Henriksen Lyssand & Tor-Erik Pakusch Olsen
Kari Gjertsen & Ørjan Krossnes

**Os kyrkje 10. juni**
Tiril Skønberg Haaland & Thomas Stene Spilde
Ingvill Grimastad Hefte & Mats Bjoland
Kristine Halvorsen Moberg & Vegard Skurtveit

**Os kyrkje 17. juni**
Malin Nøss Vangsnes-Weaver & Owen Harte Weaver

**Nore Neset kyrkje 24. juni**
Silje Samnøy Hauge & Stian Mikal Kremner

**Os kyrkje 24. juni**
Evelyn Sjo & Nils Helge Høyvik

**Os kyrkje 1. juli**
Vanessa Skau Hiim & Lena Mari Beiermann Karlsen
Ine Egeli Valeur & Andreas Egeli Valeur

**Moldegård 1. juli**
Jonn Robert Askvik & Lindy Froestad Laupsa

**Os kyrkje 15. juli**
Margrethe Natås & Espen Villanger Natås
Inga Marie Jensen & Anders Grønnestad Lura
Kristina Lekven Sivertsen & Adrian Blix

**Os kyrkje 5. august**
Line Ulvatn Storheim & Baste Lyssand
Linn Frøkedal Røen & Kristian Aagaard Nordstrønen
Sara Skaatun & Peter Tveita

## Døde

**Roald Fiksen**
f. 30.11.1951 d. 08.03.2023

**Erling Eiken**
f. 10.03.1932 d. 17.03.2023

**Bernhard Hjelle**
f. 17.04.1933 d. 23.03.2023

**Karin Helen Skjelbreid**
f. 31.08.1949 d. 24.03.2023

**Villi Grindevoll**
f. 17.09.1955 d. 25.03.2023

**Svein Skoglund**
f. 26.10.1949 d. 28.03.2023

**Gunnar Ulvedal**
f. 01.03.1935 d. 03.04.2023

**Aud Budal**
f. 07.06.1932 d. 13.04.2023

**Oddfred Harald Rosvold**
f. 15.03.1955 d. 14.04.2023

**Erling Matland**
f. 17.08.1938 d. 26.04.2023

**Brit Magni Fagerheim**
f. 04.05.1948 d. 26.04.2023

**Edith Marie Skeie**
f. 09.11.1936 d. 30.04.2023

**Mira Milde Oldervoll**
f. 21.07.1953 d. 30.04.2023

**Arvid Vågen**
f. 15.04.1943 d. 02.05.2023

**Irene Haugen**
f. 04.08.1952 d. 02.05.2023

**Rolf Bugge**
f. 27.04.1938 d. 03.05.2023

**Kjell Gunnar Hjartholm Knudsen**
f. 18.02.1987 d. 21.05.2023

**Elen Liv Nygaard**
f. 04.06.1930 d. 22.05.2023

**Ørjan Kristiansen**
f. 14.08.1978 d. 25.05.2023

**Konrad Arthur Fjereide**
f. 12.11.1931 d. 28.05.2023

**Snefrid Marie Johanne Håvik**
f. 09.03.1944 d. 07.06.2023

**Ågot Oma**
f. 26.02.1930 d. 07.06.2023

**Anders Haugland**
f. 01.10.1955 d. 10.06.2023

**Odvar Eck**
f. 22.12.1930 d. 10.06.2023

**Nils Kristian Haukeland Jensen**
f. 11.03.1954 d. 15.06.2023

**Klara Jensen**
f. 28.03.1933 d. 19.06.2023

**Bjørn Erik Mjelva**
f. 22.09.1965 d. 20.06.2023

**Isak Kvamme Norstad**
f. 20.06.2023 d. 20.06.2023

**Jill Rudy Fløysand**
f. 09.01.1973 d. 23.06.2023

**Eldbjørg Hatleli**
f. 12.06.1940 d. 23.06.2023

**Turid Sissel Bjånes**
f. 21.11.1949 d. 27.06.2023

**Georg Bøe**
f. 16.12.1930 d. 01.07.2023

**Inger Brandt**
f. 12.01.1942 d. 06.07.2023

**Johan Helland**
f. 25.06.1941 d. 08.07.2023

**Knut Olsen**
f. 12.04.1928 d. 10.07.2023

**Yngve Magnar Wik**
f. 01.12.1946 d. 12.07.2023

**Hilmar Johan Mehammer**
f. 01.07.1935 d. 12.07.2023

**Johan Sælen**
f. 28.08.1938 d. 13.07.2023

**Georg Robert Hjellvoll**
f. 22.12.1935 d. 14.07.2023

**Tor Haraldson Bøthun**
f. 14.05.1932 d. 14.07.2023

**Guro Matland**
f. 22.09.1933 d. 16.07.2023

**Torill Johanna Bugge Gjerdevik**
f. 30.09.1949 d. 17.07.2023

**Elisabeth Dyer Ånensen**
f. 14.10.1984 d. 17.07.2023

**Jon Søvik**
f. 30.05.1939 d. 21.07.2023

**Jan Erik Havsgård**
f. 24.02.1960 d. 22.07.2023

**Arne Frotveit**
f. 08.05.1941 d. 22.07.2023

**Berit Marie Østensen**
f. 09.03.1932 d. 24.07.2023

**Olav Ragnhildstveit**
f. 21.05.1936 d. 25.07.2023

**Tore Rogne**
f. 25.04.1936 d. 29.07.2023

**Bjarne Rolfsvåg**
f. 15.10.1953 d. 01.08.2023

**Sigrun Heimvik**
f. 20.05.1938 d. 05.08.2023

**Birgit Sæbø**
f. 25.05.1934 d. 10.08.2023

**Kvil i fred**

# Kjære lesar!

**Har du bladd heilt hit, er du kanskje interessert i ei aktiv og levande kyrkje for alle i Os?**

**Hugs at du får skattefrådrag for gåver inntil 25000 kroner i året!**

**Du kan gje via VIPPS til #786791**

**eller bruk kontonummer 3201.53.23484**

Scann koden for å bli fast gjevar eller sende ei enkeltgåve

**Tusen takk!**

## DEN NORSKE KYRKJA
Os kyrkjelyd - Tilsette

**Sokneprest**
Roar Hallesby Evjedal
Tlf: 934 42 968 | E-post: re674@kyrkja.no

**Prostiprest**
Svante Havåg
Tlf: 922 47 639 | E-post: sh226@kyrkja.no

**Fungerande kyrkjeverge**
Hans Einar Markhus
Tlf: 95 93 65 80 | E-post: hm629@kyrkja.no

**Dagleg leiar**
Sigurd Rotvik Tunestveit
Tlf: 938 69 109 | E-post: st575@kyrkja.no

**Konsulent - administrasjon/utleige**
Inger-Johanne Haugland
Tlf: 457 13 710 | E-post: ih985@kyrkja.no

**Konsulent - økonomi/ gravplassforvaltning**
Monica Refsdahl
Tlf: 456 52 830 | E-post: mr346@kyrkja.no

**Organist**
Anna Cecilie Norlund Oksavik
E-post: an785@kyrkja.no

**Diakon**
Ingrid Vik
Tlf: 450 51 212 | E-post: iv588@kyrkja.no

**Kateket**
Gro Helen Blindheim Skjælaaen
Tlf: 452 78 575 | E-post: gs234@kyrkja.no

**Barne- og familiearbeidar**
Sylvi Lundgren
Tlf: 475 04 327 | E-post: sl828@kyrkja.no

**Trusopplærar, frivilligkordinator**
Elisabeth Saxe Vinkler

**Kommunikasjonsmedarbeidar**
Martin Bakke Slåttsveen
Tlf: 986 66 456 | E-post: mb369@kyrkja.no

**Driftsleiar**
Kenneth Molland
E-post: km893@kyrkja.no

**Kyrkjegardsarbeidar, kyrkjetenar**
Agnar Midtsæter
Lars Joar Hilleren
Linn Kjerstin Østgulen
Terje Rød

**Kyrkjegardsarbeidar**
Marianne Tveit
Øyvind Dreyer

**Kyrkjetenar**
Hanne Dahl
Jakob Nygard
Ludvig Hodneland Sundfjord

# INFORMASJON

**Os kyrkjelyd**
Postboks 209
5202 Os




## Kyrkja bygger vi i lag.
## Det er bruk for deg!

## Os kyrkje

| | | |
|---|---|---|
| **03.09.2023** | 11:00 | Dåp, Nattverd |
| **10.09.2023** | 11:00 | Konfirmantpresentasjon. Dåp. Nattverd |
| **17.09.2023** | 11:00 | Dåps- og Familiegudstjeneste. Utdeling av 4-årsbok. Feiring av Søndagsskulens dag. |
| **24.09.2023** | 11:00 | Nattverd |
| **01.10.2023** | 10:00 | Dåpsgudsteneste |
| | 11:15 | Nattverd |
| **08.10.2023** | 11:00 | Dåp, Nattverd |
| **22.10.2023** | 11:00 | Gudstjeneste med Nattverd. Kongshaug musikkgymnas deltek. |
| **29.10.2023** | 11:00 | Dåp, Nattverd |
| **05.11.2023** | 11:00 | Dåp, Nattverd |
| **05.11.2023** | 19:00 | Minnegudsteneste |
| **12.11.2023** | 11:00 | Familiegudsteneste med Dåp og Nattverd. "Lys vaken" deltek. |
| **19.11.2023** | 11:00 | Nattverd. Band. |
| **26.11.2023** | 10:00 | Dåpsgudsteneste |
| | 11:15 | Nattverd |
| **03.12.2023** | 11:00 | Speidargudsteneste |

## Nore Neset kyrkje

| | | |
|---|---|---|
| **03.09.2023** | 11:00 | Dåp, nattverd. Konfirmantpresentasjon |
| **17.09.2023** | 11:00 | Dåp. Konfirmantpresentasjon |
| **01.10.2023** | 11:00 | Familiegudstjeneste med dåp og nattverd. Utdeling av 4-årsbok |
| **15.10.2023** | 11:00 | Dåp, Nattverd |
| **05.11.2023** | 11:00 | Minnegudstjeneste, Nattverd |
| **12.11.2023** | 11:00 | Dåp, Nattverd |
| **26.11.2023** | 11:00 | Familiegudsteneste med dåp og nattverd |

## Søfteland Bedehus

| | | |
|---|---|---|
| **17.09.2023** | 17.00 | Konfirmantpresentasjon |

**Hald deg oppdatert på**
**www.kyrkja.no/os!**